



Inger Lise i Uskedalen driv bruktbutikk og har eit fascinerande utval av alt mogeleg. Ho har også mange private gjenstandar som ho nødig skillar seg av med og ein gjenstand ho har undra seg over er ein vase som tydelegvis er laga av bakenden på ein granat. På den er det montert tre løveføtter slik at den står stødig.

Det einaste ho veit om den originale vassen av messing er at ho har fått han av faren sin, som heitte Knut Bringedal, var kaptein og sigla utanriks. Han hadde 2 slike vaser med seg etter ein tur..

Granaten er laga i august 1915 - det står bak saman med nokre andre bokstavar som det ikkje er så lett å tyda. Det kan tyda på at han er brukt i den fyrste verdskrigen.

Er det andre som kan gje opplysningar er det berre å ta kontakt. Kanskje gøymmer det seg ei spennande historie bak vassen som har vore granat.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

